



ALVER KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 43/23: RAPPORT: FORVALTNINGSREVISJON BARNEVERN

Til Alver kommunestyre ved/ordfører

Kontrollutvalet har i møte 17.10.2023 handsama sak 43/23 *Rapport: Forvaltningsrevisjon barnevern* med følgende vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har handsamarapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.*
- 2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om å følgje opp dei tiltaka som gjeld administrativ styring av barnevernet.*
- 3. Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere å setje dei to tilrådingane frå revisor som er knytt til kommunestyret sitt ansvar for at kommunen har ei forsvarleg barnevernsteneste på agendaen i seinare møte.*
- 4. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret.*

Innstilling til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023 til orientering.*
- 2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten og ber kommunedirektøren om å følgja opp desse:*
 - a. Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det kan reduserast.*
 - b. Barnevernet bør arbeide vidare og systematisk med i kva grad informasjonen foreldre får er tilstrekkeleg, lett å forstå og om den kjem til rett tid.*
 - c. Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre.*
 - d. Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som*



- bør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål.*
- e. Tydeleggjere kven som er koordinerande instans for det førebyggjande arbeidet.*
 - f. Tydeleggjera forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i barnevernet, slik at barnevernet får ivaretatt sine pliktar etter lova og faglege uavhengigheit.*
 - g. Ta opp hets av tilsette i barnevernstenesta som ei eiga sak i kommunestyret, og også diskutere tiltak som kan motverke dette.*
3. *Kommunestyret vil, etter revisor og kontrollutvalet si tilråding, setja kommunestyret si rolle ovanfor barnevernet på saklista i seinare møte.*
 4. *Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til første kontrollutvalsmøte i 2024.*
 5. *Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan utgangen av fjerde kvartal 2024.*

Saka skal handsamast av kommunestyret for endeleg vedtak. Ordførar eller politisk sekretariat må sjølve gjera avtale med revisor for framlegging av rapporten i møte.

Sjå utskrift av protokoll og saksframlegg under. Rapporten ligg ved møteutskrifta som eiga fil.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om å følgje opp dei tiltaka som gjeld administrativ styring av barnevernet.
3. Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere å setje dei to tilrådingane frå revisor som er knytt til kommunestyret sitt ansvar for at kommunen har ei forsvarleg barnevernsteneste på agendaen i seinare møte.
4. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:



1. Kommunestyret tek rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023 til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten og ber kommunedirektøren om å følgja opp desse:
 - a. Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det kan reduserast.
 - b. Barnevernet bør arbeide vidare og systematisk med i kva grad informasjonen foreldre får er tilstrekkeleg, lett å forstå og om den kjem til rett tid.
 - c. Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre.
 - d. Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som bør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål.
 - e. Tydeleggjere kven som er koordinerande instans for det førebyggjande arbeidet.
 - f. Tydeleggjera forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i barnevernet, slik at barnevernet får ivaretatt sine pliktar etter lova og faglege uavhengigheit.
 - g. Ta opp hets av tilsette i barnevernstenesta som ei eiga sak i kommunestyret, og også diskutere tiltak som kan motverke dette.
3. Kommunestyret vil, etter revisor og kontrollutvalet si tilråding, setja kommunestyret si rolle ovanfor barnevernet på saklista i seinare møte.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til første kontrollutvalsmøte i 2024.
5. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan utgangen av fjerde kvartal 2024.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor, Tommy André Knutsen (KPMG), som har vore prosjektleiar for forvaltningsrevisjonen, presenterte rapporten via digital lenke/Teams, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forvaltningsrevisor, Sindre Rødne Dueland (KPMG), som er Alver kontrollutval sin faste kontaktperson på forvaltningsrevisjon var også tilstades i møtet, og svara på nokre spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunedirektør, Ørjan Raknes Forthun kommenterte rapporten og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunalsjef, oppvekst, Kristin Moe var også tilstades i saka (tilhøyrar).



Ordførar Sara Sekkingstad orienterte om kva informasjon som er gitt til kommunestyret med omsyn til politikarar si rolle i enkeltsaker i barnevernet.

Karolina Vakt skjold (KrF) gjorde framlegg om at kontrollutvalet endrar dei fire første tilrådingane frå revisor i kontrollutvalet sine tilrådingar til kommunestyret, slik:

1. *Barnevernet bør arbeida vidare og systematisk med i kva grad informasjon foreldra får er tilstrekkeleg grunngjeve og forstått og om den kjem til rett tid. (Basert på KPMG sitt punkt 2 i tilrådingane, men endra.)*
2. *Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre. (Punkt 3 i KPMG sine tilrådingar)*
3. *Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det kan reduserast. (Punkt 1 i KPMG i tilråding)*
4. *Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som bør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål. (Punkt 4 i KPMG sine tilrådingar)*

Harald Breivik (uavh.) gjorde framlegg om å ta inn eit ekstra punkt mellom sekretariatet sitt framlegg til vedtak punkt 3 og 4:

Kontrollutvalet vil peike på at det er viktig å sette av nok ressursar til førebyggjande arbeid.

Votering

Kontrollutvalet stemte over Karolina Vakt skjold sitt framlegg til endring av punkta a - d under sekretariatet sitt framlegg til vedtak, punkt 2 (vist over).

Framlegget fekk 1 stemme (Karolina Vakt skjold, KrF) og fall.

Kontrollutvalet stemte over Harald Breivik sitt framlegg om å ta inn eit ekstra punkt mellom sekretariatet sitt framlegg til vedtak punkt 3 og 4 (vist over).

Framlegget fekk 2 stemmer (Harald Breivik, uavh. og Arild Tveranger, uavh.) og fall.

Kontrollutvalet stemte over sekretariatet sitt framlegg til vedtak. Dette vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret om å be kommunedirektøren om å følgje opp dei tiltaka som gjeld administrativ styring av barnevernet.



3. Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere å setje dei to tilrådingane frå revisor som er knytt til kommunestyret sitt ansvar for at kommunen har ei forsvarleg barnevernsteneste på agendaen i seinare møte.
4. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023 til orientering.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten og ber kommunedirektøren om å følgja opp desse:
 - a. Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det kan reduserast.
 - b. Barnevernet bør arbeide vidare og systematisk med i kva grad informasjonen foreldre får er tilstrekkeleg, lett å forstå og om den kjem til rett tid.
 - c. Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre.
 - d. Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som bør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål.
 - e. Tydeleggjere kven som er koordinerande instans for det førebyggjande arbeidet.
 - f. Tydeleggjera forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i barnevernet, slik at barnevernet får ivaretatt sine pliktar etter lova og faglege uavhengigheit.
 - g. Ta opp hets av tilsette i barnevernstenesta som ei eiga sak i kommunestyret, og også diskutere tiltak som kan motverke dette.
3. Kommunestyret vil, etter revisor og kontrollutvalet si tilråding, setja kommunestyret si rolle ovanfor barnevernet på saklista i seinare møte.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til første kontrollutvalsmøte i 2024.
5. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan utgangen av fjerde kvartal 2024.



SAKSOPPLYSNINGAR:

Kontrollutvalet har motteke forvaltningsrevisjonsrapporten «Barnevern,» datert 10. oktober 2023, frå revisor KPMG.

Forvaltningsrevisjon av barnevernet er tinga av kontrollutvalet i Alver kommune i sak 64/22, etter kommunestyret si bestilling til kontrollutvalet i sak 107/22. Prosjektplanen vart godkjent i sak 73/22, den 21.11.2022.

Revisjonsrapporten som er levert samsvarer med prosjektplanen, og svarer på dei problemstillingane som vart sett i den.

Kontrollutvalet skal handsama rapporten i møtet, og sende denne vidare med innstilling til kommunestyret.

Kontrollutvalet kan drøfta tilrådingane frå revisor, og korleis kontrollutvalet ynskjer å be kommunestyret følge opp rapporten, i møtet.

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland stiller i møtet for å presentere rapporten. Prosjektleder Tommy André Knutsen (forvaltningsrevisor) deltek via digital lenke (Teams).

Kommunedirektøren er invitert til å gje eventuelle kommentarar til rapporten og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Bakgrunn

Revisor utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet og kommunestyret.

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane vert forvalta på ein effektiv måte.

Eit viktig arbeidsområde for kontrollutvalet er å følge opp arbeidet med forvaltningsrevisjon (§ 23-3 i kommunelova, og forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5). Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonar og skal rapportera til kommunestyret om resultatane av desse. Deretter skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyret sine vedtak etter forvaltningsrevisjonar vert følgd opp, og rapportera tilbake til kommunestyret om dette.

Forvaltningsrevisjonen av barnevernstenesta i Alver har særskilt fokus på dei områda kommunestyret viste til i vedtaket i sak 107/22:

- hjelpetiltak/tidleg innsats
- akuttvedtak
- tilbakeføringsplanar
- rutinar og handtering av bekymringsmeldingar.

Revisor har undersøkt om kommunen jobbar systematisk og hensiktsmessig, samt oppfyller lovpålagte krav.

Dei fem hovudproblemstillingane i rapporten samsvarer med problemstillingane som var sett opp i prosjektplanen:



1. Korleis arbeider barneverntenesta med tidleg innsats og hjelpetiltak?
2. Når nyttast akuttvedtak (kor ofte og i kva samanheng)?
3. Kva rutinar finst for samvær og tilbakeføring?
4. Kva rutinar har kommunen for å handtere bekymringsmeldingar og handterast bekymringsmeldingar i tråd med sentrale lovkrav?
5. Styrast barneverntenesta i Alver kommune på ein heilskapleg og hensiktsmessig måte?

Under kvar hovudproblemstilling er det sett opp fleire underspørsmål.

Rapporten er strukturert med eit oversiktleg samandrag med revisor sine vurderingar og tilrådingar fremst, oversikt over problemstillingar, revisjonskriterium og metode, og deretter ein grundig gjennomgang av tema for tema og oppsummering av tilrådingane til slutt. For kvar problemstilling gjer revisor greie for revisjonskriterium og funn før dei gjer greie for sine vurderingar. Kommunedirektøren har levert høyringsuttale som ligg som vedlegg i rapporten (jamfør kommunelova § 23-5).

Forvaltningsrevisor har med bakgrunn i sine undersøkingar sett opp framlegg til fire tilrådingar til barnevernstenesta i Alver kommune:

1. Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det kan reduserast.
2. Barnevernet bør arbeide vidare og systematisk med i kva grad informasjonen foreldre får er tilstrekkeleg, lett å forstå og om den kjem til rett tid.
3. Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre.
4. Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som bør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål.

I tillegg har revisor sett opp tre tilrådingar som går på kommunen si overordna styring, inkludert politisk styring, av barnevernet:

5. Tydeleggjere kven som er koordinerande instans for det førebyggjande arbeidet.
6. Tydeleggjera forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i barnevernet, slik at barnevernet får ivaretatt sine pliktar etter lova og faglege uavhengigheit.
7. Ta opp hets av tilsette i barnevernstenesta som ei eiga sak i kommunestyret, og også diskutere tiltak som kan motverke dette.

Kommunestyret sitt ansvar for barnevernet

Kommunen si øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta vert forvalta i tråd med gjeldande regelverk og at tenestene er forsvarlege.

Ei ny barnevernslov tredde i kraft frå 2023. I samband med dette laga regjeringa ei nyhendesak der det mellom anna står:



Ny barnevernslov skal, saman med barnevernsreforma, bidra til auka vekt på førebygging og tidleg innsats. Derfor tok fleire viktige endringar i barnevernslova til å gjelda samtidig med at barnevernsreforma tredde i kraft 1. januar 2022. Dette er endringar som styrkjer kommunen sitt ansvar for å førebyggje omsorgssvikt, og som skal bidra til betre overordna styring og leiing av barnevernstenesta.

Ansvar for det førebyggjande arbeidet er tydeleg forankra i kommuneleiinga. Det er innført krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet i kommunane. Planen skal vise korleis oppgåvene skal fordelast mellom dei ulike kommunale tenestene, og korleis dei skal samarbeide. Det er òg presisert at den øvste leiinga i kommunen har ansvar for den overordna styringa av barnevernstenesta. (Kjelde:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-og-meir-tidsriktig-barnevernslov-trer-i-kraft-1.-januar-2023/id2935286/>)

Innhaldet over viser att i § 15-1, andre ledd i barnevernslova. Sjå lova her:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97/>

Det er også lovpålagt at kommunestyret skal få ei tilstandsrapport om barnevernet årleg. Bufdir har utarbeidd ein rettleiar for dette:

https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering_for_kommunale_barnevernstjenester/

I rettleiaren står mellom anna dette:

Kommunens øverste politiske og administrative ledelse har det overordnede ansvaret for at barnevernstjenesten forvaltes i tråd med gjeldende regelverk og at tjenestene er forsvarlige. Kommunen har ansvar for styringen av tjenesteområdet og for å ha en systematisk kontroll som sikrer at den kommunale barnevernstjenesten utfører sitt arbeid i tråd med regelverket (internkontroll), slik at barn og familier får den hjelpen de har behov for.

Både kommuneloven og barnevernsloven har bestemmelser som skal sikre dette. (Kjelde: https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering_for_kommunale_barnevernstjenester/#heading-contentlink-8698)

Revisor peikar på forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i ei av sine tilrådingar, og gjev ei konkret tilråding til kommunestyret om å «diskutere tiltak for å redusere hets mot dei tilsette i barnevernet, noko som kan bidra til å redusere slitasjen på dei tilsette.» (Kjelde: revisjonsrapporten s. 7, 9, 56, og 58)

Kommunestyret vil til dømes kunna ha ei temasamling om barnevernet i samband med framlegginga av tilstandsrapporten, eller i eit anna møte gjennom året.

Bufdir har sett opp eksempel på spørsmål som kommunestyret kan drøfta:

- *Hvordan avvik i tjenesten følges opp og om internkontrollsystemet er godt nok.*
- *Hvordan samarbeidet mellom barnevernet og andre instanser (som skole, helsestasjon, politi, m.fl.) fungerer. Dette er et spesielt viktig tema i kommuner som inngår i interkommunale samarbeid om barnevern. Barna får kanskje hjelp fra et barnevern som holder til i en*



nabokommune. De er like fullt bosatt i, og mottar andre tjenester fra sin hjemkommune der nærskolen og helsestasjonen ligger.

- *Har kommunen utfordringer med å oppfylle lovkrav innen barnevern? I så tilfelle, hvorfor?*
- *Hvordan opplever de ansatte i barnevernstjenesten arbeidshverdagen sin? Hvordan er status når det gjelder turnover, sykefravær, trivsel m.m.?*
- *Hvordan jobber barneverntjenesten for å sikre at både barn og foreldre opplever medvirkning og å bli hørt i egen sak? (Kjelde: https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering_for_kommunale_barnevernstjenester/#heading-contentlink-8698)*

Andre kommunar har hatt slike temasamlingar om barnevern/barnevernsreforma. Her ligg presentasjonen frå ei slik temasamling i heradsstyret i Voss frå våren 2022: [BVL Barnevernløft Modum kommune \(voss.herad.no\)](#)

Sekretariatet si vurdering:

Revisor har følgd strukturen som er beskriven i planen som kontrollutvalet godkjende i sak 73/22, og svara ut dei problemstillingane som er sett opp. Sekretariatet anbefalar kontrollutvalet å stille seg bak revisor sine tilrådingar og gjere vedtak om at kommunestyret ber kommunedirektøren å følge opp desse. I tillegg kan kontrollutvalet be kommunestyret følgje opp dei tilrådingane som går direkte på kommunestyret sitt ansvar for at kommunen har ei forsvarleg barnevernsteneste som er drifta i tråd med lovkrav.

Saksvedlegg: 2023-10-10 Rapport frå forvaltningsrevisjon av Barnevernet i Alver kommune